



Ullensvang
kommune

Retningslinjer for kommunalt viltfond

Ullensvang kommune



Vedteke i Utval for samfunn, plan og næring 02.09.2026

1. Føremål og definisjon

Føremålet med det kommunale viltfondet er å skape økonomisk bakgrunn for å fremja viltforvaltninga i Ullensvang kommune.

Kommunalt viltfond er eit bunde driftsfond som Ullensvang kommune forvaltar til vilføremål i tråd med FOR-2011-05-15-537, forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort (forskrift om kommunale viltfond m.m.)

2. Inntekter og forvaltning av fondet

I forskrift om kommunale viltfond m.m. § 3 er det definert kva som skal og kan reknast som inntekter til kommunale viltfond.

Fondskapitalen vert sett til minimum kr. 100.000,-. Den offentlege fellingsavgifta for hjortevilt utgjør hovudinntektskjelda til det kommunale viltfondet.

Utval for samfunn, plan og næring er styre for fondet. Delegert mynde til å fatte vedtak følgjer av Ullensvang kommune sitt delegeringsreglement. Viltfondet vert forvalta med resten av kommunen sin kapital og avkastninga av fondet vert årleg tilført fondet. Det skal førast eige rekneskap og budsjett for viltfondet.

3. Disponering av fondet

I forskrift om kommunale viltfond m.m. § 5 er det definert kva føremål det kommunale viltfondet kan nyttast til og kva føremål fondet ikkje kan nyttast til.

Disponering av det kommunale viltfondet er Ullensvang kommune sitt ansvar og skal nyttast til viltrelatert arbeid i kommunen. Bruk av fondet er ikkje avgrensa til hjortevilt.

a. Lokal prioritering for disponering av fondet:

Kommunalt viltfond skal nyttast til å dekke:

- Tiltak for å fremja viltforvaltning, kompetanseheevande tiltak som fagseminar og kurs for jaktrettshavarar, jegerar og andre viltinteresserte grupper eller organisasjonar.
- Viltrelatert arbeid eller prosjekt, viltkartlegging og informasjonstiltak i kommunen.
- Utarbeiding og fornying av bestandsplanar.
- Kommunen sine utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt.
- Tiltak for å førebyggje skade på landbruksnæringa som skuldast hjortevilt. Tilskot kan gjevast i spesielt utsette område til inngjerding eller til faste innretningar. Det blir ikkje gjeve tilskot til vedlikehald av inngjerding eller erstatning av skade som skuldast vilt.
- Andre lokale tiltak.

Det kan tildelast midlar frå viltfondet til lag, organisasjonar, verksemder og einskildpersonar. Tiltak som fremjar samarbeid vert prioriterte. Organisasjonar har prioritet før enkeltpersonar og større grunneigarbaserte organisasjonar har prioritet før mindre og andre organisasjonar. Kommunen kan sjølv ta initiativ til bruk av fondet til eigna føremål i samsvar med gjeldande lovverk og lokale retningslinjer.

4. Tildeling av midlar frå kommunalt viltfond

Mynde til å fatte vedtak følgjer av kommunen sitt delegeringsreglement.

a. Krav til søknad:

Tilskot vert gjeve etter søknad på grunnlag av godkjende kostnadsoverslag og at krav til søknad er oppfylte.

Det kan gjevast tilskot med inntil 50% av kostnadsoverslaget.

Søknadar om tilskot må vere skriftleg og innehalde minimum:

- Beskriving av tiltaket og føremål med tiltaket
- Opplysingar om søker
- Investerings- og finansieringsplan
- Framdriftsplan
- Antal deltakarar og kven som skal utføre arbeidet

Søknadar sendast til postmottak@ullensvang.kommune.no og vert handsama fortløpande eller ved at kommunen fastset søknadsfrist. Ved fastsetjing av søknadsfrist skal dette gjerast kjent for ålmenta i god tid før søknadsfrist.

b. Utbetaling:

Før tilskot kan utbetalast, må fylgjande føresetnader vera oppfylde:

- Tiltaket må vera finansiert.
- Rapport og rekneskap skal vera godkjend av Ullensvang kommune.

c. Krav til rapportering:

Kommunen stiller krav om rapportering av gjennomført tiltak og kan setja vilkår til utbetaling av tilskot. Frist for gjennomføring av tiltak er normalt 2 år (tilsagnsåret + to heile kalenderår). Utsetjing av frist kan godkjennast med inntil 1 år etter søknad.